


## Innkalling med referat

### Utdanningsutval FHS

Dato: 23.9.19, kl. 9:00 – 11.00 Skypemøte

**Tilstede:** Anne-Grethe Naustdal, Johannes Haltbakk (fagseksjonsleder master i klinisk sjukepleie), Eli Bjøvad Eikefjord (fagseksjonsleder radiografi, Marianne Iren Vigdal (fagseksjonsleiar sosialt arbeid), Hilde Kristin Tveit (senior rådgivar/sekretær adm.), Kristin Senneset (studieadministrativ leder), Bjarne Kattenberg (studentrepresentant bachelor)

**Meldt forfall:** Toril Forbod (prodekan for utdanning NTNU) og hennes vara Ingrid Varum (OsloMet).

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
<b>1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste</b>		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt. Kommenterar	Prodekan	2 min
<b>Referat:</b> Innkalling og sakliste ble godkjent. Følgende saker ble meldt til eventuelt: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide evaluering der praksisstadane kan evaluere utdanninga, praksisemne mm.</li> </ul>				
<b>2/19 Status RETHOS og implementering av nye studieplanar for bachelorutdanningane våre</b>	Vedlegg:  Vedlegg til Sak 2 Implementering av t	Innspel til korleis vi bør arbeide med implementering av nye studieplanar for bachelorutdanningane i fakultetet	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	20 min



Etablering av felles  
innføringsemne HVI

### Referat:

Prodekan innleia og gjekk gjennom saksutgreiinga.

Det er no bestemt at Institutt for samfunnsvitskap (FØS) som skal ha ansvar for emnet Danning og akademisk handverk. Kven som blir emneansvarleg er enno uvisst. Ønskjer ein å samkøyre undervisninga i dette emnet, er det opp til utdanningane sjølv å gjere det. Studentane ved Institutt for helse og funksjon vil samle noko av undervisninga og studentane ( i 2 veker).

Sentrale punkt i dokumentet:

*Utvikling og deling av felles e- læringsressursar.*

Fakultetet jobbar no med å utvikle KBP og læringsressursar som skal liggje tilgjengeleg for alle lærarane i Canvas. Det er ynskje at fakultetet opparbeida ein bank med læringsressursar i ulike tema/fag. Ressursforelesningar vil då liggje klar og kan nyttast av forelesar når det passar inn i undervisninga i emnet. Det finst og mykje e- læringsressursar om anatomi /fysiologi som kan delast og brukast av andre.

*Simulering*

SimArena skal no vera ein felles eining i FHS og skal hete SimArena Haugesund, SimArena Førde osv. Det er viktig at studentane får det same tilbodet innan simulering og ferdighetstrening på alle campus.

*Praksisprosjektet* skal og vere felles og utviklast i lag

*Digital kompetanse*

*Helse-sosial EXPO* – Det er forslag om at dette kan vere felles for heile FHS

*Vald og traumatisk stress* – dette skal og inn i alle bachelorutdanningane (inngår i læringsutbytte i felles rammeplan for helse og sosialfagutdanningane)




Er fakultetet på rette veg mot å få til ei god implementering av dei nye studieplanane? Er dette måten å gripe jobbe vidare med dette på?

### Kommentar frå utvalet:

- Å setje nye studieplanar ut i livet er utfordrande. Å byggja kultur for undervisning der alle kan delta saman, blir viktig. Undervisning er eit felles anleggjande og det er viktig at vi kan dela ressursar. BSV utdanningane skal møtast 3 heile dagar der dei skal diskutera korleis dei kan nytta undervisning på tvers av utdanningane.

- Sjølv om ein nyttar e -læringsressursar på tvers, må undervisaren vere til stades med studentane og diskutera med dei. Det er viktig at det skjer på ein riktig måte. Kontakt med lærar er viktig og det må vi ikkje miste.
- Erfaringar frå master i klinisk sjukepleie, ABIO utdanningane: Dei har hatt mykje forelesningar online til andre campus – men tykkjer det er viktig at studentane jobbar lokalt med lærarane på campus.
- Eining for utvikling av læring og undervisning? Kva er status og vil ikkje denne eininga bli ei viktig del av dette arbeidet? Dei har til no berre ein tilsett- Anne Karin Rønsen (5 stillingar vert utlyst no)). Fakultetet skal også bidra inn med ressursar til denne eininga. Vil bli ei viktig samarbeidspartnar.

Utdanningsutvalet tykkjer at lista er god å jobba vidare med. Vi må prioritera noko framfor noko anna sidan det var mange tema. Prioritere tema som kjem i 1. studieår fyrst. Eit av institutta er allereie i gong med å jobbe saman om fleire av punkta i dokumentet.

<p><b>3/19 Studieportefølje- utvikling av master og EVO</b></p>	<p>Vedlegg: Prosjektskisse Studieporteføljeutvikling master- og EVU</p>  <p>Prosjektskisse studieporteføljeutvi</p> <p>Innspelsbrev til studieporteføljen for 2020/2021</p>  <p>Invitasjon til å foreslå studietilbod</p> <p>SEFØ-modellen</p>  <p>Modell for styring av studieporteføljen</p>	<p>Innspel til prosjektarbeidet.</p> <p>Innspel til kriteria vi bør legge vekt på ved bruk av SEFØ-modellen i innspelsarbeidet til porteføljen for 2020/2021.</p>	<p>Prodekan innleiar og inviterer til innspel på arbeidet med studieporteføljen</p>	<p>45 min</p>
---	--	---	---	---------------

**Referat:**

Prosjektskissa for arbeid med studieporteføljeutvikling master – og EVU i fakultetet er godkjent. I vår kom ein i gong med sjølve prosjektarbeidet. Instituttleiarane er med i prosjektgruppa.

Sentrale spørsmål er korleis skal fakultetet skal jobba med å utvikle studieporteføljen? Kva prinsipp skal leggjast til grunn for arbeidet? Vi må nytta SEFØ modellen i dette arbeidet (strategiske vurderingar, etterspørsel, fagleg berekraft og økonomisk berekraft). Prosjektgruppa foreslår 11 prinsipp for struktur, organisering og drift av masterutdanningane.

**Kommentarar frå utvalet:**

- Utvalet støttar prinsippa. Det er bra at det skal vera mastertilbod på alle campus og at det skal vere gjennomgåande løp.
- Bra og at læringsutbyttene på vidareutdanningane må liggje på masternivå. Like så viktig er at undervisninga og ligg på masternivå samt at fagkompetansen samla sett i desse vidareutdanningane fyller krava til fagkompetanse.
- Må masteremne utviklast berre på 15 sp? Utvalet foreslår at punktet formulerast om og blir litt romslegare. Etterspørsel etter mindre emne.
- Ein bør og vurderer om tida no er moden for å tilby erfaringsbasert master. Dette er ein master som er unntatt krav til eigenfinansiering . Då vil studentane som tek desse utdanningane og kunne bruke vidareutdanningsemna inn i ei mastergrad.
- Kan fakultetet i dette arbeide og vurderer deltids master som hovudregel, slik at ein gjer det meir fleksibilitet for studentane? Dette må sjåast i samanheng med etterspurnad.
- Det er viktig å presisera krav til fagmiljø i pkt 10.
- Masteroppgåva på 30 sp. er et minimums krav i forskrift om mastergrad og kan aukast. Treng ikkje stå som eige punkt iom det er minimumskrav i forskrifta.

For studieporteføljen 2020-2021 kan fakultetet sjølv vurdere kva for indikatorar en vil vurderer (etter SEFØ modelle). For seinare år skal alle studieprogramma vurderast etter dei same indikatorane. Det er for knapp tid til å skrive inn og melde inn punkta for alle studieprogramma. Fakultetet ynskjer likevel å svara overordna på alle indikatorane som er lista opp under strategisk vurdering. Fakultetet vil formulera ei overordna vurdering av internasjonalisering og studentutveksling. Det må komme i heile arbeidet kvifor vi ynsker å ha den porteføljen vi har i dag.

Data frå Studiebarometeret 2018 utgjer grunnlag for å vurderer overordna tilfredsheit i studieprogrammet.

**Kommentarar frå utvalet:**

- Utdanningsutvalet tykkjer at fakultetet bør leggja inn ei fellestekst for dei nye bachelorutdanningane under Fagleg berekraft (Krav til studieprogram 1-5 )
- Fakultetet kan og vise til prosjektet som går no: studieporteføljeutvikling for master- og EVU
- Kvifor ikkje skriva noko om fagleg relevans?

- Under økonomisk berekraft: Kva betyr: Studieproduksjons pr. program delt på tal timar ein brukar?

I fakultetet vil det bli satt ned arbeidsgrupper for å jobbe med større revisjonar som gjeld studieprogram som skal gå studieåret 2021-2022. Desse arbeidsgruppene må være i gong frå januar 2020. Studieprogrammet Master i klinisk helse- og omsorgsvitskap vil fakultetet foreslå for styret blir lagt ned. Det vil og bli ei større revisjon av Master i Samhandling innan helse- og sosialteneste.

- Utdanningsutvalet stiller spørsmål om ein kan sjå på dette som revisjon? Med det som er meldt inn av endringar pr i dag, må det og bli endringar i læringsutbytte for studieprogrammet. Det blir og laga to nye emne. Bør ikkje det då vere ein studieplan komité som lagar ei ny studieplan? Dette bør undersøkjast nærare.
- Sosialfaga sine vidareutdanningar og må inngå som valemne i denne masteren.

Utdanningsutvalet tykkjer fakultetet jobbar på ein god måte med utvikling av studieporteføljen. Det er et viktig arbeid og utvalet støttar prinsippa som er valt og indikatorane som er foreslått for studieåret 2020-2021 med dei innvendingane som kom fram i møtet.

<b>Sak4 19 Kvalitetsarbeid i fakultetet</b>	Vedlegg: <a href="#">Arbeid med kvalitet i utdanningane ved FHS</a>	Korleis kan vi best nå ut med informasjonen om kvalitetsarbeidet i fakultetet? Er f.eks nettsida vi har laga dekkjande? Har Utdanningsutvalet innspel på korleis vi evt kan gjere nettsidene og informasjonsarbeidet betre?	Prodekan innleiar og inviterar til innspel	15 min
---	--	---	--	--------

#### Referat:


Fakultetet følger no nytt rammeverk for kvalitetsarbeidet. Spørsmål er om informasjon om dette arbeidet er god nok og kva fakultetet kan gjere for å nå ut til dei faglege tilsette og studentane. Er informasjonen på nettsidene god nok? Er det noko som manglar?

#### Kommentarar frå utvalet:

- I fagseksjonsmøte bør ein diskutera korleis studieprogramråda skal fungere.
- Fagseksjonsleiarane må og snakka om kvalitetsarbeidet i si utdanning jevnlig.
- Fleire tykkjer at informasjon om kvalitetsarbeidet og kvalitetshandboka er vanskeleg å finne.
- Styrerepresentanten seier at studentane Googlar for å finne fram på våre eige nettsider.
- Ikkje alle studentar opplever at evaluering gjennomførast etter det nye rammeverket. Eksempel opplev nokre studentar at Facebook nyttast for å innhenta erfaringar frå studentane.

- Det opplevast tungt å få fagmiljøa til å følge det nye kvalitetssystemet. Det tar tid å få det implementert.
- Canvas kan laga eit eige område for studieprogrammet der ein kan leggja inn lenkar til kvalitetshandboken og dokumentasjonen som ligg i Sharepoint. Slike område bør opprettast for alle bachelor og masterprogramma. Det fungerer godt på Sosialt arbeid.
- Det er under utvikling ei eiga nettside for emneansvarlege der sentrale verktøy ligg. Kan kvalitetshandboken eller rammeverket leggjast ut der?
- Det nye rammeverket er bra, det er systematisk og gir utdanningane eit løft og plan for vidare oppfølging. Det er viktig å følge planen elles vil ikkje fagseksjonsleiar få god nok informasjon til dialogmøte med dei emneansvarlege.
- Det har vært noko uryddig informasjon frå Studenttinget til Studentråda knytt til val av studentar til studieprogramråda. Dette må følgjast opp slik at det blir betre til neste år.

Utdanningsutvalet tykkjer at kvalitetsarbeidet er viktig og at det er eit godt verktøy. Det er eit arbeid som tar tid å få implementert i utdanningane. Fagseksjonsleiarane har ei viktig rolle i å halde fokus på dette i møter i sine utdanningar. Det er viktig å ha gode nettsider som er lett å finne. Utvalet vil følge utviklinga av nettsidene og ber om at informasjon til Studentrådet om val av studentrepresentantar til Studieprogramråd blir betre.

<b>4/19 Implementering av ny Forskrift om studium og eksamen ved HVL</b>	Vedlegg : <a href="#">Sjå punkt. § 11-18.</a>  Informasjon om arbeidsgruppe  Rettleiar for bachelor- og master	Ei arbeidsgruppe i fakultetet skal utarbeide retningslinjer og rettleiingsavtalar for bachelor- og masteroppgåver. Utdanningsutvalet be som å kome med innspel om innhald, råd og tips til arbeidsgruppa. Vi ber også om råd i forhold til å utarbeide felles sensorrettleiingar for bacheor- og masteroppgåver ved fakultetet.	Prodekan innleiar og inviterar til innspel	20 min
--	--	---	--	--------


#### Referat:

HVL følger ny Forskrift om studium og eksamen ved HVL. Det betyr og at fakultetet må utarbeide ein rettleiar for bachelor- og master oppgåva. Ei arbeidsgruppe arbeider no med dette. Arbeidet skal vere ferdig før jul. Det presiserast at det berre skal vere ein rettleiar for bacheloroppgava og ein for masteroppgåve. Rettleiaren skal vera elektronisk med linkar til ulike tema osv. Den enkelte utdanning skal ikkje utarbeide noko i tillegg. Implementering av rettleiaren må vere fleksibel.

#### Innspel frå utvalet:

- Kan fagmiljøa sjølv vurdere formatet for bacheloroppgaven? Som eksempel val av artikkelformat. Rettleiaren bør ta høgde for ulike sjangre.
- Helse- sosial expo er spilt inn bør gjelde for alle utdanningane

Utdanningsutvalet tek forskrift om studium og eksamen til orientering og tykkjer at det er bra at fakultetet no utviklar ein rettleiar for kvar av gradene. Rettleiaren må vere enkel å finne fram i.

<b>7/19 Orienteringssaker</b>	Prosjektmandat:  prosjektmandat-operasjon-bachelorpra	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Internasjonalt seminar 4. november program</li> <li>• Status praksisprosjektet</li> </ul>		5 min
<p><b>Referat:</b>          Fakultetet jobbar med program for Internasjonalt seminar 4. november. Ei arbeidsgruppe er nedsett. Seminaret gjennomførast med overføring frå alle campus. Internasjonalt kontor er med i planlegginga. Programmet er snart klart. Først internt internasjonalt seminar fot tilsette. Seinare vil det det bli studentar med.</p> <p>Praksisprosjektet          Gjeld praksisstudiar for bachelorprogramma. Prosjektgruppa har starte på arbeidet. Ulike måtar å vurdere praksis på er eit av tema i prosjektet. Internasjonalisering i praksisstudiar ute og heime inngår også. Eit viktig spørsmål er korleis kvalitetssikrar vi praksisstudiane? Samarbeidsstillingar og kombinere stillingar skal og sjåast på. Dette blir eit fast punkt i møta i Utdanningsutvalet framover. Studentrepresentanten kommenterte at det er bra at studentane kan få moglegheit til å reise nær ulike campus for å gjennomføra praksisstudiane.</p> <p>Utdanningsutvalet tok punkta til orientering</p>				
<b>Sak 8 eventuelt</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide evaluering der praksisstadane kan evaluere utdanninga, praksisemne mm.</li> </ul>		
<p><b>Referat:</b>          Forslaget om å utarbeide ei evaluering for å innhenta informasjon frå praksisstadane om studentane, samarbeid med utdanningane og praksisinnhaldet i emna ble lagt framfor utdanningsutvalet. Dei tykkjer det er viktig å få på plass verktøy for å innhenta informasjon får praksisfeltet i arbeidet med kvalitet i praksisstudiar. Tema vil bli satt opp på eit seinare møte.</p>				